



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 15. september 2025

Sak 2025/136 - Diktardagar - org.nr. 931 332 902 - klage over vedtak om avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon

Medlemmer i Lotterinemnda: Leiar Martin Hennig, medlem Renate Kristiansen og varamedlem Dagrun Y. Haider

Bakgrunnen for saka

- (1) Diktardagar (heretter «klagar») søkte 30. august 2024 om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2023. Søknaden gjaldt eit kompensasjonsbeløp på 60 539 kroner etter forenkla modell.
- (2) Lotteritilsynet av slo søknaden 17. desember 2024, med den grunngivinga at klagar er ein lukka organisasjon som ikkje er open for ålmenta kor dette elles hadde vore naturleg. Tilsynet viser til at eit krav om at nye medlemmer må godkjennast av eksisterande medlemmer gjennom årsmøtet ikkje har ein naturleg samanheng med føremålet og aktiviteten til klagar.
- (3) Diktardagar klaga på vedtaket 7. januar 2025. Klagar viser til at organisasjonen er ein paraplyorganisasjon for seks ulike dialekt- og mållag. Alle arrangement i den årlege festivalen «Diktardagar», og medlemskap og arrangementa i regi av medlemslaga, er opne for alle. Klagar påpeiker at alle dialekt- og mållag som vil bli medlem av organisasjonen, må søke og bli godkjente av årsmøtet. Det visest elles til klagen i sin heilskap.
- (4) Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket og sende klagen med innstilling 20. januar 2025 til Lotterinemnda for behandling.

Det rettslege grunnlaget

- (5) Det rettslege grunnlaget er forskrift 23. oktober 2018 nr. 1600 om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjoner (forskrifta).
- (6) Det følger av forskrifta § 3 tredje ledd bokstav c at det ikkje ystast kompensasjon til organisasjonar som er lukka, det vil seie organisasjonar som ikkje er opne for allmenta kor dette elles hadde vore naturleg.
- (7) Av forvaltningsloven § 34 følger det at klageinstansen kan prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og det frie skjønn. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheva det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Postadresse:

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse:

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Telefon:

+47 55 19 30 00

Vurderinga til Lotterinemnda

- (8) Klagen til Diktardagar gjeld vedtaket til Lotteritilsynet 17. desember 2024 om avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2023.
- (9) I høyringsnotat 11. desember 2017 om «Ny forskrift om merverdiavgiftskompensasjon til frivillige organisasjoner» (høyringsnotat 2017) punkt 2.4.4 har Kulturdepartementet uttalt følgande om føremålet og bruken av forskrifta § 3 tredje ledd bokstav c:

«Føremålet med ordningen er å fremme frivillig aktivitet. I forslag til nytt regelverk om Norsk Tippings overskudd til samfunnsnyttige og humanitære organisasjoner heter det at "lukkede organisasjoner er ikke åpne for allmennheten og skal ikke motta tilskudd. Det innebærer eksempelvis at organisasjoner der eksisterende medlemmer skal godkjenne nye medlemmer ikke regnes som støtteberettiget", jf. høyringsnotat av 16. august punkt 3.2.3. Departementet legger opp til at lukkede organisasjoner ikke skal motta kompensasjon. Lukkede organisasjoner defineres her som organisasjoner som ikke er åpne for allmennheten hvor dette ellers hadde vært naturlig. Slike organisasjoner kjennetegnes ved at nye medlemmer må anbefales eller inviteres av eksisterende medlemmer og eventuelt at nye medlemmer må kunne vise til visse kvalifikasjoner som godt omdømme ol.»
- (10) Ved vurderinga av om organisasjonen er lukka, tek Lotterinemnda utgangspunkt i vedtektene, ettersom det er vedtektene som set rammer og er styrande for verksemda til organisasjonen. Klagar må sjølv sørge for at vedtektene gir eit rett bilete av korleis forholda er i praksis, jf. mellom anna avgjerda til Lotterinemnda i sak 2025/134.
- (11) Det følger av vedtektene til klagar § 2 at organisasjonen mellom anna har til føremål å skape interesse for og spreie informasjon og kunnskap om litteratur og forteljarkunst generelt, og nynorsk litteratur og diktarane i regionen spesielt. Klagar vil oppnå føremålet gjennom å arrangere Diktardagar i Ottadalen og andre tiltak og arrangement. I klagen er det opplyst at organisasjonen er ein paraplyorganisasjon for seks ulike dialekt- og mållag.
- (12) Etter vedtektene § 3 kan lag og organisasjonar med aktivitetar som naturleg fell inn under føremålet til organisasjonen og som identifiserer seg med vedtekter og retningslinjer, bli medlem etter godkjenning av årsmøtet.
- (13) Lotterinemnda legg til grunn at et krav om at nye medlemmer må godkjennast av årsmøtet, kan innebære at organisasjonen må reknast som lukka. Dette kan eksempelvis vere tilfellet viss vedtektene opnar for at organisasjonen kan velje ut medlemmer ut frå kriterium som ikkje er naturlege eller objektive sett i lys av føremålet til organisasjonen. Det avgjerande er om avgrensinga i medlemskapet har ein naturleg samanheng med føremålet og aktiviteten til organisasjonen. Det må mellom anna vurderast kva som er bakgrunnen for kravet om at nye medlemmer må godkjennast av årsmøtet.
- (14) Klagar er ein paraplyorganisasjon som mellom anna har som føremål å skape interesse for og spreie informasjon og kunnskap om litteratur og forteljarkunst generelt, og nynorsk litteratur og diktarane i regionen spesielt. Det framstår som at kravet i vedtektene § 3 om at nye organisasjonar må godkjennast av årsmøtet for å kunne oppnå medlemskap, skal sikre at medlemsorganisasjonane har aktivitetar som naturleg fell inn under føremålet til klagar. Verken vedtektene eller andre dokument i saka, tilseier at det blir oppstilt andre krav for å bli godkjent av årsmøtet. Lotterinemnda legg til grunn at kravet om godkjenning frå årsmøtet ved opptak av nye medlemsorganisasjonar, er ei naturleg

avgrensing i medlemskapet sett i lys av føremålet og aktiviteten til klager. Paraplyorganisasjonar blir som regel danna innanfor bestemte fag- eller interessefelt, og har som føremål å arbeide for og ivareta interessene til medlemsorganisasjonane. Det vil derfor i utgangspunktet være naturleg at medlemskap i en paraplyorganisasjon avgrensast til organisasjonar med føremål og verksemd som fell innanfor det fag- eller interessefeltet som paraplyorganisasjonen har som føremål å ivareta.

- (15) Lotterinemnda har etter dette kome til at klagar ikkje er ein lukka organisasjon etter forskrifta § 3 tredje ledd bokstav c. Vedtaket til Lotteritilsynet opphevast og sendes tilbake til tilsynet for ny behandling. Nemnda har ikkje teke stilling om dei andre vilkåra i forskrifta er oppfylte.

Konklusjon

- (16) Lotterinemnda finn etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka at vedtaket til Lotteritilsynet skal opphevast, og at saka blir sendt tilbake til Lotteritilsynet for ny behandling.

Vedtak

Vedtaket til Lotteritilsynet 17. desember 2024 opphevast. Saka blir sendt tilbake til Lotteritilsynet for ny behandling.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur